

Helse Førde HF
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Helse Stavanger HF
Apoteka Vest HF
Helse Vest IKT AS

2007/371 - 3663/2007

Hans K. Stenby, 51 96 38 17

04.10.2007

Investerings- og utbyggingsplanar i helseforetaka

Innleiing

Helseforetaka har som ein del av den årlege budsjettprosess rapportert 5-årig investeringsplan pr. 15. august 2007. I tillegg har helseforetaka og rapportert oversikt over status MTU og investeringsbehov.

Helse Vest RHF vil be helseforetaka om ei ny eller revidert investerings- og utbyggingsplan grunna i følgjande forhold:

- Det investeringsnivået helseforetak har lagt til grunn i sine planar ligg høgt over det som er ei realistisk investeringsramme for Helse Vest.
- Det er gitt signal om at løyvinga til kapitaltilskot i Helse Vest RHF si basisramme vil bli auka meir enn tidligare kjent.
- Det er meldt inn prosjekt i Helse Bergen HF (nytt barnesenter) kor kostnadsramma er kraftig auka og likeins utviding av pågåande prosjekt i Helse Stavanger (MOBA – tredje etasje).

Innmeldte investeringsplanar i helseforetaka pr 15.08.07

Dei samla investeringsplanane er oppsummert i følgjande tabell:

Tal i heile millionar	Budsjett					
	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Bygg	845	1006	937	1128	1789	1734
Medisinskteknisk utstyr	200	432	308	286	292	266
IKT investeringar	81	223	178	191	166	103
Andre investeringar	45	171	166	171	159	157
Samla investeringar	1171	1831	1589	1776	2406	2260

Tabellen viser eit samla investeringsnivå som langt overstig kapitalgrunnlaget som Helse Vest er satt opp med. Investeringsnivået ligg langt over det nivå som styret i Helse Vest har satt som eit berekraftig nivå. Det vises her styresak 6/07 B Investeringar – styring, prioritering og fastsetting av investeringsramme og lånebehov for 2007.

Styret la her til grunn at foretaksgruppa over tid ikkje må investere for høgare beløp enn at ein samtidig klarer å redusere lånegjelda. Det er føreset eit berekraftig investeringsnivå kor renter og avskrivningar kan effektiviserast innafor den samla økonomiske ramma. Det inneber ei samla investeringsramme på om lag kr 1,1 mrd i året der 0,9 mrd var finansiert innafor kapitaltilskot og kr 0,2 mrd i opptak av lån. I dei næraste åra ville det likevel vere behov for å investere eit høgare beløp som følgje av nytt lab-bygg i Helse Bergen og MOBA i Helse Stavanger. Det vart samtidig satt ei øvre ramme for kor mykje HF'a kunne disponere til investeringar til medisinteknisk utstyr, IKT og andre investeringar. For 2007 vart investeringsramma satt til følgjande:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Helse Vest IKT	SUM
Nybygg og bygningsmessige investeringar - finansiering i 2007	261 948	91 470	428 611	62 506		844 534
MTU	53 000	31 000	95 000	21 000		200 000
IKT					81 000	81 000
Andre investeringar	5 000	8 000	22 000	10 000		45 000
SUM investeringar	319 948	130 470	545 611	93 506	81 000	1 170 534

Det er usikkert om investeringsnivå på kr 200 mill til MTU er rett. Som ein oppfølging av sak 006/07 B er det no gjort ei kartlegging av status MTU. Med basis i denne kartlegginga vil det bli gjort ei vurdering på kva som er eit fagleg forsvarleg og økonomisk berekraftig investeringsnivå innafor MTU området.

Kapitaltilskot i basisramme til Helse Vest RHF

Helse Vest er pr. i dag finansiert med eit kapitaltilskot som tilsvarar om lag 2/3 av verdien på opningsbalansen. Underfinansieringa på kapital utgjer om lag kr 300 mill i 2007. I statsbudsjettet for 2007 blei det varsla ein gradvis opptrapping av kapitaltilskot til om lag 80 % i perioden fram mot 2010. Beløpet utgjorde kr 1 mrd totalt og for Helse Vest ville dette utgjøre om lag kr 200 mill. Denne opptrappinga ville gi Helse Vest eit årleg kapitalgrunnlag på om lag kr 900 mill frå og med 2010. I tillegg kan ein å søkje om lån til enkeltinvesteringar.

I samband med statsbudsjettet for 2008 har Regjeringa foreslått å auke løyvinga til kapital med kr 1,669 mrd, dvs ei auke på kr 669 mill i høve til det som tidlegare er varsla. For Helse Vest inneber denne opptrappinga ei auka inntekt på kr 330 mill. Det samla kapitalfundamentet vil då utgjer kr 1,042 mrd. I tillegg foreslår Regjeringa at det blir gitt lån for å sikre vidareføring av utbygginga av godkjende utbyggingar ved Helse Bergen. Helse Vest vil syta for at dei private ideelle og får auka kapitaltilskot.

Inntektsauken inneber at HF'a trenger mindre lån, noko som vil gje lågare rentekostnad og dermed meir pengar til direkte pasientbehandling. Det gir ikkje grunnlag for å auka investeringsramma og ein ber om at helseforetaka i sine planar viser korleis ein skal sikre finansieringa av utbyggingsprosjekta.

Auka kostnadsramme for nytt barnesenter i Helse Bergen HF og forslag om utviding av MOBA-prosjektet i Helse Stavanger HF

I investeringsplanen for Helse Bergen HF inngår bygging av eit nytt senter for barn og unge og psykosomatisk medisin. Prosjektet omfattar nytt barne- og ungdomssenter for somatisk sjuke barn og unge, nye lokale for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling og dei resterande funksjonane innan vaksenpsykiatri som skal vere på Haukelandsområdet.

Kostnadsoverslaget for dette prosjektet blei i 2006 sett til 1.133 mill. kr. Det ligg no føre eit nytt overslag kor kostnadane er auka til 3.162 mill. kr. Det gir ei svært vesentleg endring av kostnadsramme for realisering av arealplanen i Helse Bergen.

I Helse Stavanger er ein i gong med bygging av MOBA-bygget. Bygget er i utgangspunktet på 2 etasjar. I framtidig utbyggingsplan for Helse Stavanger er det no lagt til grunn at ein vil nytta sjukehusområdet på Vålånd i ein lengre tidsperiode. Det er såleis fremma forslag om ei utviding av MOBA-bygget med ein etasje. Det gir ei vesentleg auke i kostnadane for prosjektet.

Oppsummering

Samla sett gir dette grunnlag for å be helseføretaka på nytt gjennomgå investeringsplanane, kvalitetssikra desse, gjere klare prioriteringar og sikra at planane er godt forankra i styra. Det må leggjast til grunn følgjande:

- Investeringsplanen må beskrive dei faglege, driftsmessige og økonomiske føresetnadene som er lagt til grunn for planen, samt synleggjera korleis ein skal finansiera auka driftskostnader.
- Det må gis ein beskriving av kva konsekvensar planen har for føretaket sin økonomiske og finansielle stilling
- Alle byggeprosjekt må gis ein tidplan samt innbyrdes prioritering
- Investeringsane må i utgangspunktet finansierast innafor kapitaltilskot i basisramma. Det kan søkast om lån til enkeltprosjekt sjølv om låneregimet er strama inn som følge av auka kapitaltilskot.
- Investeringsplanen og de organisatoriske konsekvensane må drøftas med dei tillitsvalde og vernetenesta. Det må utarbeidast protokoll som følgjer den reviderte 5 års plan i det enkelte HF.

Helseføretaka har også ansvar for å oppretthalde verdien på dagens eigedommar. Det er viktig at dette og blir synleggjort i samband med investeringsplanen.

Helse Vest RHF vil også minne om at det er ein vesentleg føresetnad for planlegging av utbyggingsprosjekt, jf prosedyren, at ein ikkje legg inn føringar i tidligfasen som gjer det vanskeleg å stoppa eller endra prosjektet på dei aktuelle avgjerdspunkta.

Helse Vest vil ta initiativ til ein gjennomgang av dei respektive føretaka sine reviderte 5 års planar. Møtet vil bli gjennomført 25 oktober i Helse Vest sine lokalar. Tidspunktet for kvart av føretaka vil bli avtalt seinare.

Helse Vest RHF ber om at investeringsplanen blir behandla i dei respektive styra i løpet av nov. 2007.

Helse Vest vil med basis i dei reviderte planane utarbeide ein samla investeringsplan som blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF i første møte i 2008.

Med vennleg helsing

Herlof Nilssen
Administrerende direktør